



Sparebankstiftinga
HARDANGER

– På lag med dugnadsånda –



ÅRSMELDING 2025

SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER - PÅ LAG MED DUGNADSÅNDA

Årsmelding Sparebankstiftinga Hardanger 2025

1

Dokumentet er signert digitalt av:

- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 19.03.2026
- MARGUNN HAUSO (.), 19.03.2026
- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 20.03.2026
- Riber, Vidar (27.02.1958), 21.03.2026
- Berge, Per (23.01.1972), 22.03.2026
- HEIDI ELIZABETH ØRJANSEN (.), 23.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

OMSLAGSBILETE

RESTAURERING AV SKIFERTAK PÅ UTNE GRANNAHUS: PROSJEKT I REGI AV UTNE GRANNALAG.
SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER HAR YTT 1 MILLIONAR KRONER TIL RESTAURERING AV
TAKET. FOTO: UTNE GRANNALAG

INNHALD

Bakgrunn og føremål	3
Ålmennyttig verksemd	3
Nyskaparpris	6
Kulturstipend til ungdom	7
Straumstøttefond	7
Eigarstrategi	8
Regelverk for kapitalforvaltning	8
Resultatet av finansportefølja	9
Økonomisk resultat	11
Investeringsstiftinga Hardanger og Voss	12
Skatteforhold	12
Styrande organ	12
Administrasjon og administrative tilhøve	12
Forsknings- og utviklingsaktivitetar	12
Arbeidsmiljø	12
Likestilling	12
Framtidsutsikter	13



BAKGRUNN OG FØREMÅL

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følgje av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest. Bakgrunnen for skipinga var å sikra at midlane opparbeidd gjennom nær 170 års bankverksemd i Sparebanken Hardanger var sikra lokal nytte og eigarskap.

Stiftinga er no den tredje største eigaren i Sparebanken Norge (tidlegare Sparebanken Vest), og deler av utbytte som stiftinga mottok frå banken vert kvart år delt ut som gåver til Hardanger og Voss regionen.

STIFTINGA SINE HOVUDFØREMÅL ER:

- VIDAREFØRA SPAREBANKTRADISJONANE VED Å GJE GÅVER TIL ÅLMENNYTTIGE FØREMÅL
- VERA EIN LANGSIKTIG OG STABIL EIGAR I SPAREBANKEN NORGE
- SYTA FOR EI FORSVARLEG KAPITALFORVALTNING AV DEI MIDLAR STIFTINGA RÅR OVER


Stiftinga sine styringsdokument er vedtektene, regelverk for kapitalforvaltning, gåvereglement og styreinstruks. Styret reviderar styringsdokumenta årleg og kartlegg risiko, vidareutviklar rammeverk, retningslinjer og rutiner.

ÅLMENNYTTIG VERKSEMD

Eit viktig mål for stiftinga er å vidareføra sparebanktradisjonane, mellom anna ved å dela ut gåver til ålmennyttige føremål. Dette målet er tufta på gåveverksemda til Sparebanken Hardanger som hadde tradisjon for å vera ein viktig lokal støttespelar, og stor bidragsytar til lokale lag og foreiningar. Gåveverksemda til banken har vore med å sikre aktivitet og inspirert dugnadsånda i lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktig, tek stiftinga sikte på å vera ein viktig aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. STIFTINGA SIN VISJON ER Å VERA PÅ LAG MED DUGNADSÅNDA.

Sidan starten i 2011 har stiftinga delt ut over 280 millionar kroner, og i 2025 vart det tildelt 42,9 millionar kroner i gåver, irekna enkeltgåve på kr 15 millionar til Investeringsstiftinga Hardanger og Voss. Grafen under viser utviklinga av gåveverksemda i stiftinga sidan 2012.





OPPFØRING AV TROSKYKKJA I
ØYSTESEPARKEN I REGI AV ØYSTESE
GRENDAUTVAL MED ØKONOMISK STØTTE
FRÅ SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER.
FOTO ØYSTESE GRENDAUTVAL

Dokumentet er signert digitalt av:


- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 19.03.2026
- MARGUNN HAUSO (..), 19.03.2026
- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 20.03.2026
- Riber, Vidar (27.02.1958), 21.03.2026
- Berge, Per (23.01.1972), 22.03.2026
- HEIDI ELIZABETH ØRJANSEN (..), 23.03.2026

Forseglet av




Posten Norge

Vedtektene til stiftinga seier at det fyrst og fremst skal takast omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Sparebanken Hardanger ved disponering av gåver. Den geografiske fordelinga av gåvemedlar skal derfor samvariera med Sparebanken Hardanger sine tidlegare marknadsområder. Under er oversikt over totalfordelinga av gåver, fordelt per innbyggjar jamfør kommunestruktur frå 2011 (skipingsåret til stiftinga).



Det er eit mål for stiftinga å yta bidrag til eit breitt spekter av ålmennyttinge føremål, og det er innanfor idrett/fysisk aktivitet, kunst/kultur og samfunn/utvikling storparten av gåvene vert tildelt (med unntak av kategorien næringsutvikling som er høg på grunn av særskild gåve til Investeringsstiftinga Hardanger og Voss). Det vert vist til oversikt over gåvene i **note 9 og 10** i årsrekskapen. Grafen under viser fordelinga av gåver for 2025 per søknadskategori.



NYSKAPARPRIS

Sidan 2017 har stiftinga delt ut nyskapparpris til ei verksemd i Hardanger og Voss som har synt nyskaping og nytenking, som har potensiale for vekst, og som kan bidra med nye arbeidsplassar som kjem lokalsamfunnet til gode. Prisen på kr 500 000,- gjekk i 2025 til Potamadre AS ved Kai Hereid Myklatun som har satsa stort og kreativt innan mat og drikkeutvikling i regionen. Prisen vart delt ut under Hardangerkonferansen 2025 på Ullensvang Hotel.



UTDELING AV NYSKAPARPRIS PÅ
KR 500 000,- TIL KAI HEREID
MYKLATUN OG POTAMADRE AS
PÅ HARDANGERKONFERANSEN
2025. FOTO: TRUDE RINALDO
HARDANGERRÅDET

Dokumentet er signert digitalt av:

- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 19.03.2026
- MARGUNN HAUSO (..), 19.03.2026
- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 20.03.2026
- Riber, Vidar (27.02.1958), 21.03.2026
- Berge, Per (23.01.1972), 22.03.2026
- HEIDI ELIZABETH ØRJANSEN (..), 23.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

KULTURSTIPEND TIL UNGDOM

Sparebankstiftinga Hardanger har òg ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kulturstipend til ungdom. I 2025 vart det delt ut 8 stipend à kr 50 000,- til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett.



UTDELING AV KULTURSTIPEND
UNDER EKSTREMSPORTVEKO
2025 AV STYRELEIAR PER BERGE.
FOTO: EKSTREMSPORTVEKO, VERONIKA
STUKSRUD

STRAUMSTØTTEFOND

Styret gjorde i 2023 vedtak om å erstatta koronafondet med eit straumstøttefond. Dette vart godkjent av generalforsamlinga som òg vedtok tilførsel av kr 4 millionar til føremålet. Fondet skal vera til hjelp for lag og organisasjonar som vert råka av ekstraordinært høge kraftprisar.

Av straumstøttefondet vart det tildelt kr 50 000,- i 2025. Totalt er det delt ut kr 553 859,- frå fondet. Styret vurderar fortløpande interessa og behovet for fondet, og vil justera initiativet deretter.

Årsmelding Sparebankstiftinga Hardanger 2025

7

Dokumentet er signert digitalt av:

- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 19.03.2026
- MARGUNN HAUSO (.), 19.03.2026
- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 20.03.2026
- Riber, Vidar (27.02.1958), 21.03.2026
- Berge, Per (23.01.1972), 22.03.2026
- HEIDI ELIZABETH ØRJANSEN (.), 23.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

EIGARSTRATEGI

Sparebanken Vest vart i 2025 fusjonert saman med Sparebanken Sør, og endra med det navn til Sparebanken Norge. Eigarskapsporteføljen til Sparebankstiftinga Hardanger er med det knytt til Sparebanken Norge. Verdien og antall eigenkapitalbevis til stiftinga vart uendra ved fusjonen, men totalt antall eigenkapitalbevis i banken auka, og Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør vart med det største eigar av eigenkapitalbevis i banken.

Sparebankstiftinga Hardanger skal halda fram med å vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Norge.

- Grunnkapitalen til stiftinga er 6 millionar eigenkapitalbevis i Sparebanken Norge, kvar pålydande kr 25,-
- Stiftinga eig i tillegg 5 954 394 eigenkapitalbevis i Sparebanken Norge pr 31.12.2025
- Sparebankstiftinga Hardanger har ikkje selt eller kjøpt eigenkapitalbevis i 2025
- Totalt antall eigenkapitalbevis i stiftinga si eige er då 11 954 394, som tilsvarar 6,9% av eigenkapitalbevisa i banken
- Sparebankstiftinga Hardanger er ved årsskifte den tredje største eigaren i Sparebanken Norge

Stiftinga har framleis forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte framover. Stiftinga ynskjer å utøva styringsrett i Sparebanken Norge gjennom representasjon i styrande organ.

Sparebanken Norge leverte i 2024 eit godt økonomisk resultat. Gjeldande utbyttepolitikk i banken gjev rom for utbetaling av inntil 50% av overskotet per eigenkapitalbevis. Dette danna grunnlag for utbetaling av utbytte i mars 2025 på kr 8,50 per eigenkapitalbevis, tilsvarande 101,61 millionar kroner for stiftinga sin part.

Marknadsverdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Norge var kr 2 367 687 276 (1 693 220 366) per 31.12.2025. Eigenkapitalbevisa er vist som finansielt anleggsmiddel i rekneskapen og er bokført med kostpris. Meirverdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis tilsvarar kr 1 989 378 689 (1 314 911 780). Det vert vist til **note 5** i rekneskapen.

REGELVERK FOR KAPITALFORVALTNING

Stiftinga sine midlar skal plasserast på ein føremålsteneleg og forsvarleg måte. Det er ei overordna målsetjing at stiftinga skal iverata realverdien på grunnkapitalen. Føremålet med investeringar er ellers å sikra stabil drift, dele ut gåvemidlar og kunne delta i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Norge.

Stiftinga si eige er fordelt mellom eigarskapsportefølje og finansportefølje. Eigarskapsportefølja består av eigenkapitalbevis i Sparebanken Norge. Finansportefølja består av andre kapitalinstrumenter som pengemarknadsfond, obligasjonar, aksjefond og bankinnskot.

Regelverk for kapitalforvaltninga er stiftinga sitt overordna styringsdokument for forvaltning av stiftinga sine midlar. Rammeverket omfattar mellom anna strategiske mål, avkastningsmål, risiko, aktivafordeling, rapportering og oppfølging. Regelverket vart sist endra i februar 2023.

Kapitalforvaltninga til stiftinga er definert som passiv, då styret, administrasjonen eller stiftinga sine forvaltarar ikkje driv med høgt transaksjonsvolum av kjøp og sal av verdipapir. Det vert gjort langsiktige plasseringar for å sikra føreseieleg avkastning. Stiftinga si samansetjing av aktiva vert rebalansert tilbake til utgangspunktet 2 ganger per år, for å halda på det risikonivået som er fastlagt i reglement for kapitalforvaltninga.



Samansetjinga av finansportefølja er per 31.12.2025:

AKTIVAKLASSE	ALLOKERING	MÅL	MIN	MAX
Pengemarknad/Bank	38,5 %	20%	0%	50%
Obligasjoner Norge	18,37 %	22,5%	10%	50%
Obligasjoner Utland	18,29 %	22,5%	10%	50%
Sum renteinvesteringar	75,15%	65%	55%	80%
Aksjer Norge/Norden	5,04 %	5%	3%	7%
Aksjar Utland	16,32 %	20%	17%	26%
Eigedom	3,49 %	10%	0%	15%
Sum egenkapitalinvesteringar	24,85%	35%	20%	45%

Styret i stiftinga teikna seg i desember 2022 for ei investering i vekstfondet Sarsia Seed III på kr 10 millionar. Stiftinga har per 31.12.2025 overført kr 2 756 653,- til fondet. Verdien av fondet er bokført til kostpris og det er ikkje forventningar til avkastning eller utbytte frå fondet før slutfasen av fondsperioden som er om lag 10 år. Styret ser dermed på denne investeringa som ei langsiktig plassering som ikkje vil påverka stiftinga si avkastning på kort sikt.

RESULTATET AV FINANSPORTEFØLJE

2025 har vore eit år med store omstillingar der norsk og internasjonal økonomi har navigert i ein utføreseieleg verdsorden prega av geopolitiske spenningar, aukt proteksjonisme og eit teknologisk skifte innan kunstig intelligens. Verdsøkonomien har samstundes vist seg overraskande stabil i ljøs av den mykje omtala «tollkrigen». Vekstbiletet framover er likevel prega av uvisse

Etter ein lang periode vart renta også sett ned i to omganger av Noregs Bank i løpet av 2025 til tross for at prisveksten framleis er høgare enn målet.

Til tross for mykje svingningar i marknaden vart avkastningsresultatet for stiftinga si finansportefølje i 2025 på solide 7,48%. Stiftinga si investering i eigedomsfond har tatt seg litt opp frå 2024, men nærings eigedom har framleis redusert lønnsemd som fylgje av høge rentekostnader og lågare eigedomspisar, noko som har svekka soliditeten. Marknadsv verdien av stiftinga si investering er om lag 1 millionar kroner lågare enn kostpris/bokført verdi. Styret ser på denne verdinedgangen som forbigående, og det er difor ikkje føreteke nedskrivning av denne investeringa. Samla investeringar i aksjefond, rente/obligasjonsfond, eigedomsfond og bankinnskot per 31.12.2025 var kr 635,5 millionar.

Resultat av desse investeringane for 2025 er:

– Realisert avkastning	kr 19 461 695,-
– Ikkje realisert avkastning	kr 7 307 058,-
– Kursgevinst	kr 4 624 511,-
– Rente bankinnskot	kr 6 397 633,-

Sum inntekt **kr 37 790 897,-**

Det vert ellers vist til **note 1, 4 og 6** i årsrekneskapen





PROSJEKT KJEMPESPRINGFRØ I REGI AV FOLKEDAL UNGDOMSLAG. ARBEID MED UTRYDDING AV PLANTEN KJEMPESPRINGFRØ I FOLKEDAL MED STØTTE FRÅ SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER. FOTO: FOLKEDAL UNGDOMSLAG

Dokumentet er signert digitalt av:

- Widding, Kjetil Skedsmo Raaen (05.07.1981), 19.03.2026
- MARGUNN HAUSO (.), 19.03.2026
- Sandven, Håkon David (26.04.1964), 20.03.2026
- Riber, Vidar (27.02.1958), 21.03.2026
- Berge, Per (23.01.1972), 22.03.2026
- HEIDI ELIZABETH ØRJANSEN (.), 23.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

ØKONOMISK RESULTAT

Stiftinga fekk i 2025 eit årsresultat på kr 136,2 millionar mot kr 131,2 millionar i 2024. Inntekter utanom utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Vest på kr 101,6 millionar er i hovudsak samansett av renteinntekter på kr 6,4 millionar og positiv verdiendring på finansporteføljen på kr 31,4 millionar (mot kr 37 millionar i 2024).

Avkastning på totalkapital til stiftinga er om lag 15,16%

Driftskostnader for stiftinga utgjorde kr 3 194 185,- i 2025 som er ein auke på kr 546 480,- frå 2024.

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på kr 136,2 millionar vert disponert slik:

- | | |
|---------------------------------------|-------------------------------|
| • Avsett til gåvefond | 100 millionar kroner |
| • Avsett til anna eigenkapital | 36,22 millionar kroner |


Avsetjing til gåvefondet tilsvarar 73 % av årsresultatet. Gåvefondet vil i så fall ha ein verdi på kr 156,6 millionar medan posten annan eigenkapital vil ha ein verdi på 419,5 millionar kroner.

Den høge avsetjinga til gåvefondet er foreslått med bakgrunn i forventa høgt utbytte frå Sparebanken Norge i 2026, samt stiftinga sin solide eigenkapital, der marknadsverdien på eigenkapitalbevisa aleine overstig 2,3 milliardar NOK. Bokført eigenkapital i stiftinga er kr 977,19 millionar, medan marknadsverdien for fyrste gang overstig 3 milliardar NOK ved årsskiftet. Realverdien til stiftinga sitt opphavslege innskot og grunnkapital (konsumprisregulert) er om lag kr 595,2 millionar per 2025, noko som er nær 400 millionar kroner under bokført kapital, og 2,4 milliardar kroner under marknadsverdien av eigenkapitalen.

Styret finn det derfor forsvarleg og føremålsteneleg å bygge opp gåvefondet ytterlegare for å balansera den høge graden av oppakkumulert kapital, samt sikra at stiftinga også i urolege tider med svakare marknadstilhøve kan støtta opp under sparebanktradisjonane med gaver til ålmennyttige føremål.

Det er generalforsamlinga som vedtek disponering av årsresultatet, og som på generalforsamlingsmøte 21.04.26 skal ta stilling til framlegg om disponering av årsresultater.

Grafen under visar utvikling av eigenkapitalen til stiftinga frå skipinga i 2011 til 2025. Sum eigenkapital per 31.12.2025 er kr 977,19 millionar.



INVESTERINGSSTIFTINGA HARDANGER OG VOSS

Generalforsamlinga godkjente i møte 24.04.24 styret sitt framlegg til disponering av årsresultat 2023, og med det øyremerking av 50 MNOK til Investeringsstiftinga Hardanger og Voss. Med det var den nye investeringsstiftinga oppkapitalisert med 85 MNOK. Generalforsamlinga i stiftinga vedtok ytterlegare gåve på 15 MNOK til Investeringsstiftinga på generalforsamling vår 2025. Sparebankstiftinga Hardanger har med det ytt gåve på totalt kr 65 MNOK til den nye stiftinga.

SKATTEFORHOLD

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefrie etter reglane i skattelova § 2-32, 1 ledd.

STYRANDE ORGAN

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 13 innskytarvalde medlemmer og 8 varamedlemmer. Dei innskytarvalde medlemene vert valde av og blant kundane i Sparebanken Norge, busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Voss, Ullensvang, Kvam og Ulvik.

Generalforsamlinga består i dag av 5 kvinner og 8 menn. Leiar for generalforsamlinga er Per Røberg, med Kjellaug Hoås Samland som nestleiar.

Styret består av 2 kvinner og 3 menn med Per Berge som styreleiar. Nestleiar er Vidar Riber og styremedlemmer er Margunn Hauso, Heidi Ørjansen og Håkon David Sandven. Styret hadde 9 møter i 2025.

Sparebankstiftinga Hardanger har ikkje teikna ansvarsforsikring for styret eller dagleg leiar.

ADMINISTRASJON OG ADMINISTRATIVE TILHØVE

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.

Administrasjonen bestod i 2025 av dagleg leiar Kjetil Widding. Styret i stiftinga vedtok i 2025 å auke administrasjonen i stiftinga med 0,5 årsverk med bakgrunn i aukt gåveaktivitet, større forvaltningskapital og ynskje om å styrke aktivitetsnivået i stiftinga. Dagleg leiar Kjetil Widding søkte seg hausten 2025 inn i den nye stillinga på 50%, og styret vedtok å tilsetje Widding i den nye stillinga, og lyste med det ut rolla som dagleg leiar i oktober 2025. Etter ein grundig tilsetjingsprosess vart ny dagleg leiar Fredrik Fjose frå Voss, tilsett i desember 2025, med oppstartsdato 01. april 2026.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGSAKTIVITETAR

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

ARBEIDSMILJØ

Stiftinga hadde i 2025 ingen tilsette utanom dagleg leiar.

Arbeidsmiljøet er tilfredstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2025. Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureinar det ytre miljøet.

LIKESTILLING

Styret praktiserar likestilling i samsvar med lover og reglar.



FRAMTIDSUTSIKTER

Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter, hovudsakleg knytt til utbytte frå eigarskapen i Sparebanken Norge, samt avkastninga på dei finansielle investeringane. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine framtidige inntekter.

Sparebanken Norge er solid, har god resultatutvikling og gjev stabile utbytteutbetalingar. Stiftinga forventar gode og stabile utbytter også i framtida. Styret i Sparebanken Norge har gjort framlegg om utbytte for rekneskapsåret 2025 på kr 12 per eigenkapitalbevis. Dersom banken si generalforsamling vedtek dette framlegget vil Sparebankstiftinga Hardanger få tilført utbytte på over 140 millionar kroner i 2026.

Det er stor uvisse knytt til den økonomiske utviklinga framover, men hovudbiletet for fastlandsøkonomien er moderat, med stabil vekst dei næraste åra. Det er forventningar om at prisveksten avtek vidare, og ein forsiktig normalisering av rentenivået. Utsiktene for norsk økonomi er tett samanvevd med utviklinga internasjonalt, der geopolitisk uro er den største nedsiderisiko. IMF (Det internasjonale valutafondet) anslår ein vekst i verdsøkonomien på 3,3 % i 2026, omtrent på linje med veksten i 2025. Styret si forventning til avkastning på finansportefølja i 2026 er derfor moderat.

Stiftinga har opparbeidd seg eit gåvefond på om lag 150 millionar kroner per 31.12.2025, som vil fungera som ein buffer for å sikra framtidig gåveverksemd, også i år med moderate finansielle inntekter. Samtidig har stiftinga ein sterk utvikling i eigenkapitalverdien, der ein no nærmar seg ein halv milliard kroner i annan eigenkapital. Samla sett tilseier dette at stiftinga kan vidareføra ordinær aktivitet innanfor sine føremål.

Føresetnaden for framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvise bilette av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Kinsarvik, 17.03.2026

STYRET I SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER

Per Berge
Styreleiar

Vidar Riber
Nestleiar

Heidi Ørjansen
Styremedlem

Margunn Hauso
Styremedlem

Håkon David Sandven
Styremedlem

Kjetil Widding

Dagleg leiar

